



Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/00053-41
Saksbehandlar Geir Janos Göncz

Særutskrift - Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar - Planforslag til høyring

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	02.05.2023	PS-20/23

Formannskapet har behandlet saken i møte 02.05.2023 sak PS-20/23

Møtebehandling

Prosjektleiar Kjell Lode orienterte.

Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samråystes vedtatt.

Formannskapets vedtak

Framlegg til Sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar blir lagt ut til offentleg høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14. Frist for å kome med høyringssvar blir sett til 07.07.2023. Plandokumenta kan ein finne på kommunane sine heimesider og på sørviskontora til kommunane.

Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar - Planforslag til høyring

Kommunedirektøren si tilråding:

Framlegg til Sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar blir lagt ut til offentleg høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14. Frist for å kome med høyringssvar blir sett til 07.07.2023. Plandokumenta kan ein finne på kommunane sine heimesider og på sørviskontora til kommunane.

Bakgrunn

Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommune vart meldt til oppstart etter politisk handsaming i Aukra formannskap og hovudutval for teknisk, miljø og næring i Hustadvika i månadsskiftet januar – februar 2022 (PS 4/22 i Aukra og sak 2/22 i Hustadvika).

Kommunane samarbeider om planoppdraget i samsvar med kapittel 9 i plan- og bygningslova (PBL). Arbeidet er gjennomført med felles planleggingsressursar og leia av ei styringsgruppe med lik representasjon frå kommunane: Kommunedirektørane, to kommunalsjefar og to kommunale planmedarbeidarar, jamfør PBL § 9-2. Innleigd planleggingsressurs har vore Lode Plankompetanse AS og Norconsult AS

Vurdering

Planprosess og planinnhald

Planprosess og planinnhald følgjer reglane for kommuneplan i PBL kapittel 11. Planarbeidet inneholder 4 dokument: Planomtale, konsekvensvurdering, føresegner og retningslinjer og plankart. Dokumenta er felles for begge kommunane. Der det er naudsynt å skilje mellom kommunane, er dette gjort, blant anna i tabellar. Plankartet er digitalt og tilpassa kart- og planforskrifta (FOR-2009-06-26-861) på den måten at kvar kommune berre kan godkjenne arealbruken i eigen kommune. Føresegnerne og retningslinjene (som er juridisk bindande) er felles, men internt skil dei mellom kommunane på same måte som karta. Når kommunane skal gjere endeleg planvedtak, godkjenner kvar kommune dei reglane som er felles og spesifikt dei som gjeld særskild i kvar kommune.

Tidsplan

I planprogrammet var planprosessen tenkt gjennomført på om lag eitt år. Så rask framdrift har vore vanskeleg å gjennomføre blant anna av omsyn til medverknad og tidsbruk for å avklare innspel til arealbruk og utarbeiding av konsekvensvurderinga. Innhaldet i plangjennomføringa går elles fram av planomtalen.

Det er nokre punkt i planomtalen som kommunedirektørane vil gjere særskild merksam på.

Visjonar om arealbruk

Dette planarbeidet er den første meir omfattande planlegginga som kommunane gjer i sine sjøområde. Det hadde vore ønskeleg med meir grundige diskusjonar om framtidig bruk av sjøareala til anna enn tradisjonelle næringar. Det er undersøkt i kommunane sine tidlegare kommuneplanar, samfunnssdelen og i næringsplanar. Temaet er omtala, men lite konkret ut over å legge til rette for utvikling og ressursutnytting. Slike diskusjonar har i liten grad kome til uttrykk i denne planen anna enn gjennom nokre frampeik i kapittel 5.1. Planen legg mellom anna til rette for taredyrking som ei ny næring i vårt område. Det er ei rivande utviklinga i mogeleg arealbruk i sjøområda, men kunnskapsgrunnlaget er ofte avgrensa. Kommunedirektørane trur seinare revisjonar av planen må ta stilling til nye bruksområde.

Taretråling

Temaet taretråling kom tidleg inn gjennom innspel til oppstartmeldinga og seinare i innspelsfasen til ny arealbruk. Hausting av tare har lovheimel og forvaltingsregime i havressurslova, men plan- og bygningslova gjev også kommunane høve til å ta omsyn til bruk og vern av denne ressursen. Temaet er sjeldan omtala i tilsvarende planar i andre kommunar. Tidlegare Roan kommune i Trøndelag, no Åfjord kommune, har føresegns i sin arealdel som set grenser for framtidig taretråling. Det blir vist til kapittel 2.6 og 5.3.1 i planomtalen for nærmere utgreiing og dokumentasjon. Sjå også føresegner og retningslinjer, punkt 9.

Konsekvensvurdering

Planen har ein fyldig gjennomgang av konsekvensar for ny arealbruk sett i høve til dagens situasjon. Dette gjeld både einskildtiltak (samla i KU-dokumentet) og den samla verknaden av tiltak på miljø og samfunn, planomtalen kap. 7. Konsekvensvurderinga (KU) av einskildtiltak er utført av Norconsult AS i ei omfattande analyse etter mal frå miljødirektoratet. Tidleg i KU-fasen kom det opp spørsmål om korleis ein skulle handtere spørsmål om store sjøareal der forslagsstillarar ville ha sett av areal til generell akvakultur (oppdrett av alle typar artar). Dette er eit overordna spørsmål, mest eigna til politisk avklaring, men ei viktig avklaring for arbeidsomfangen av KU-vurderinga. Spørsmålet vart reist i eit felles orienteringsmøte for politikarane i kommunane (Aukra kulturhus, 07.11.2022). Tilrådinga derfrå var at planarbeidet skulle prioritere spesifikk arealbruk til konkrete forslag og ikkje bruke mykje tid på utgreiing av store og omfattande område. Dette er stadfestat i styringsgruppa og følgd opp i det vidare arbeidet. Det generelle arealbruksføremålet, «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone», jamfør PBL § 11-7, nr 6 tillet alle bruksføremål i vår plan med unntak av akvakultur. Akvakultur er tildelt til bestemt utvalde lokalitetar som omfattar eksisterande løyve og omsøkte lokalitetar tilrådde gjennom konsekvensvurderinga i planen. I innspelsfasen til ny arealbruk mottok kommunane forslag til konkret arealbruk, men også meir verbale synspunkt om arealbruk og arealomfattande føremål som til dømes nye store verneforslag. Desse synspunkta til arealbruk er svara ut gjennom eit vedlegg til planomtalen: Merknadshandsaming, vedlegg 1. Sjå dette.

Felles forvaltingsregime for sjøområda

Plansamarbeidet mellom Aukra kommune og Hustadvika kommune hadde ein grundig gjennomgang i samband med oppstartmeldinga. Ein var samde om at eit felles økosystembasert forvaltingsregime for sjøområda ville vere til fordel for alle brukarar av sjøområda og for ressursutnyttinga. Denne samarbeidsviljen er konkretisert i eit tillegg i dokumentet Føresegner og retningslinjer, sjå dette dokumentet kap. 9.

Kartportal

Gjennom samarbeidet med Norconsult AS fekk kommunane tilgang til ein kartportal utvikla av selskapet. Denne vart brukt i samband med innspelsfasen der forslagsstillarar kunne teikne inn aktuelle areal i det digitale kartet og legge ved skriftleg dokumentasjon, ønsker og kommentarar. Vidare fekk brukarane tilgang til eit breitt spekter av databasar frå ulike fagetatarar som kunne leggast inn i kartet og illustrere anna arealbruk og konkurrerande arealbruk. Erfaringa frå brukarar og frå planprosjektet er gode. Denne kartportalen vil no bli brukt i høyringsfasen av planarbeidet.

Organisering av høyringa

Hustadvika kommune har hatt ei administrerande rolle i plansamarbeidet. Dette gjeld blant anna økonomiforvalting og arkivfunksjon. Høyringa vil bli annonsert gjennom kommunane sine heimesider med link til kartportalen og link til mottak av høyringssvar. Høyringssvara blir sende til Hustadvika kommune for registrering og vidare handsaming. Aukra kommune får kopi av arkivmaterialet når planarbeidet er avslutta.

Administrative konsekvensar
Folkehelsekonsekvensar
Klima- og miljøkonsekvensar
Økonomiske konsekvensar

Gerd Marit Langøy
Kommunedirektør

Særutskrift

Vedlegg

Planomtale, Interkommunal sjøarealplan Aukra og Hustadvika

Føresegner og retningsliner

Konsekvensutredning - Sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommuner

Kart: Aukra kommunedelplan sjø

Kart: Interkommunal sjøarealplan Aukra og Hustadvika kommuner

RETT UTSKRIFT
DATO 2.mai.2023